



Årsmøte for 2021

ØYSTESE JEGER- OG FISKARLAG KALLAR MED DETTE INN TIL ÅRSMØTE ONSDAG 23. februar 2021 KL 19:00*

*Følg med på ØJFL si heimeside og Facebook, eventuelle endringar/kommentarar vert varsla der.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste	2
Sak 2: Årsmelding frå Øystese jeger- og fiskarlag 2021	11
Oppsummering og ord frå leiar:.....	11
Rapportar frå utvala:	12
Jakt- og viltstellsutvalet	12
Elvautvalet	13
Kvinneutvalet	14
Fiskestellsutvalet	15
Jaktskyttarutvalet	16
Sak 3 Rekneskap.....	18
Sak 4 Innkomne saker	21
Sak nr 01, forslag om en vedtektsendring ift vedtektenes § 1, og gjeld namnet på laget	21
02 Sak frå NJFF om innføring av ny vedtektsnorm.....	22
Sak 5 Arbeidsprogram 2022	22
Sak 6 Kontingent	27
Sak 7 Prioriterte tippemiddelsøknadar og behov.....	28
Sak 7a Vidareutvikling av viltmålbanen i Vangdalsåsen.....	28
Sak 7b Utbygging på Blekeld	28
Sak 8 Budsjett	30
Sak 9 Val.....	31



Sakliste:

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste.



Sak 2: Årsmelding frå Øystese jeger- og fiskarlag 2021

Årsmøtet for 2020 vart halde i sekretariatsbygget i Vangdalsåsen onsdag 24.03.2021.

Styret har vore samansett slik:

Styreleiar: Cato Landsvik

Nestleiar: Tone Mo

Kasserar: Tormod Lunestad

Skrivar: Knut Njaa

Varamedlem: Håvard Fiksen

Leiar fiskestellsutvalet: Bjørn Mo

Leiar jakt og viltstellsutvalet: Håkon Arne Laupsa

Leiar elveutvalet: Leiv Sandven

Leiar jaktskyttarutvalet: Terje Langeland

Leiar kvinneutvalet: Tone Mo

Styret har sidan sist årsmøte hatt 8 styremøte. Som tidlegare år har mange av sakene vore delegert til utvala. Styret viser elles til årsmeldinga frå kvart enkelt utval og evaluering av arbeidsplanen for 2021.

Oppsummering og ord frå leiar:

Trass i at 2021 holdt fram med ujamne byer med Covid-19-utbrudd og tilhøyrande tiltak, har laget på ein framifrå måtte komme vel igjennom året. Laget har vore både delaktig og synleg i nærmiljøet med kultivering av fiskevatn, fiske- og jegerarrangement for unge og familiær, og ulike engasjement for viktige saker i heradet. At laget ikkje har komme fullt i gong med dei to godkjende byggeprosjekta (permanent jaktfelthold og utbygging på Blekeld) i 2021, kan likevel ha medverka til at aktivitetane har auka i 2021. Det er spesielt gledeleg å sjå at investeringane i nye haglebaner trekkjer nye medlemmer og at det ser ut til å gå mot heilårdsdrift i Vangdalsåsen.

Medlemstal:

Ved årsskiftet 2021-2022 var det 292 medlemer i laget, og dette er ein gledeleg auke på 24 frå året før. Dette må ein seie seg nøgd med då året har vore prega av Covid-19-situasjonen. Med tru på at me klarer få opp aktiviteten på fleire av felta me tradisjonelt har hatt aktivitetar på, bør eit strekkmål på 310 medlemer ved neste årsskifte vera innan rekjevidde.

Kvam herad arrangerte fritidsmesse for alle 8. klassar i heradet den 6. oktober. ØJFL hadde stand og rekrutterte ungdom til to kveldar med hagleskyting i vekene etter. ØJFL er med på Fritidskortet, ei prøveordning der ungdom t.o.m. 18 år får refundert kontingenent for inntil kr 1000 på fritidsaktivitetane sine.

Leiar utfordrar også i 2022 alle lagsleiarar og medlemmar til å søkje alternative og sikre løysingar for å kunne driva trygt på trass av Covid-19-situasjonen.

Me byggjer og driv også for framtidige generasjonar, og då skal vi også halde fram med miljøaspektet i det vi driv på med. Det klarer vi!



Rapportar frå utvala:

Jakt- og viltstellsutvalet

Leiar: Håkon Arne Laupsa

Medlem: Alf Ekaas Sandven og David Neteland

Varamedlem: Andre Bjørke



Hjortejakt

2021 er det åttande året me i Øystese jeger- og fiskarlag har tilbydd opplæringsjakt på hjort for medlemmer under 25 år. Etter å ha søkt Øystese aust grunneigarlag om forlenging av ordninga, fekk me dette. Kvinner over 25 år kunne også delta i denne jakta.

Me fekk i år eit fritt dyr under 80 kg. Det er ein fryd å arrangera jakt for nybegynnalar når ein er litt friare med tanke på kva dyr ein kan fella. Så det håpar me fortset til neste år. Løyvet var heller ikkje i år knytt opp mot nokon grunneigar, men eit løyve me kjøpte av grunneigarlaget.

Me har i år gjennomført 3 drivjakter og 1 økt med bøjakt. Drivjakt vart i år gjennomført som introjakt, dvs. at arrangementet ligg på nettsida til NJFF og er ope for alle som er medlem.

Det var litt varierande oppmøte på drivjaktene. Men søndag og fint vær resulterte i 14 deltararar. Det virka som alle hadde det kjekt. Alder på deltarane var fra 6 til 50 år. Me hadde dyr for oss, men det vart ikkje løyst skot. Det vart felt ein bukk på 60 kg under bøjakt på Melstveit. Skyttar var ein ungdom under opplæring. Kjøtet vert lagra til eit godt formål, og dei som var med på drivjakt i haust fekk ein smak.

Me fekk plassert ut den siste jaktstigen me kjøpte i fjor.



Det er tydelegvis ein terskel å ta skyteprøven for ungdomen, og det er nok òg eit økonomisk spørsmål. Me har no gått til innkjøp av to storviltrifler til ØJFL (ei 30-06 og ei 308) til dette formålet, samt til rifleskytinga på jegerprøven. Det er i tillegg kjøpt 2stk salongrifler som vil verta nytta i samband med jegerprøven. Det var ingen ungdommar som nytta seg av tilboden og tok skyteprøve med ØJFL-våpen. Her har me ein reklamejobb å gjera.

Me vil òg sokja grunneigarlaget om at fyrstegongs jegerar på hjort som er over 25 år kan vera med på denne jakta.

Jegerprøven

Jegerprøvekurset 2021 vart avvikla med god deltaking. Det var 18 stk. deltakarar som var max iht Covid-situasjonen. 6 av dei var jenter. Meget bra. Alle bestod eksamen. Kurset vart gjennomført på 2 langhelgar. Dei praktiske gjennomføringane måtte takast i mindre puljar.

Kurset vårt vart halde av Ove Sandven, med assistanse frå Andor Helgheim på den praktiske delen (rifle- og hagleskytinga). Bjørn Mo hjelpte til med hagleskytinga.

Me gratulerer dei nye jegerane, ynskjer lukke til og skitt jakt!

Laget har pr i dag 3 jegerprøveinstruktørar: Svanhild Aksnes Botnen, Ove Sandven og Andor Helgheim. Det er rom for fleire. Jegerprøven er ei av dei viktigaste rekrutteringskjeldene til laget. Dersom det er fleire som har lyst til å verta jegerprøveinstruktør, eller veit om nokon som kunne tenkja seg dette, ver venleg ta kontakt med ein i styret eller utvalet.

Øystese Jeger- og Fiskarlag tek no imot påmelding til jegerprøvekurs 2022. Kurset går over to helgar: 18.-20. og 25.-27. mars. Eksamensdato er ikkje fastsett enno. Det er ingen krav til utstyr eller forkunnskapar, men deltakarar må minimum fylle 14 år i løpet av 2022.

for Jakt- og viltstellutvalet

Håkon Arne Laupsa

Elvautvalet

Leiar: Leiv Sandven

Medlem: Jan Ove Laksemo og Harald M. Madsen

Vara: Gaute Ø. Melstveit

Utvalet har hatt tre møte for å planlegge og sjå på elvetiltak. Det er utført dugnadsinnsats i både rydding, reparasjon av vassinntaket til stamfiskehuset og stamfiske etter laks. Det vart teke to hannlaks og ein hannsjøaure i stamfisket. Det vart ikkje fanga nokon hoindivid, så alt vart sett ut att i elva.



Laget har hatt fiske med sal av fiskekort i tida 15. juli til 15. september i 2021. Det er seld 10 døgnfiskekort, utan at det er meldt inn fangst i 2021. Det vart vatn i elva først etter avslutta fiskeperiode.

Det vart lagd ut gytegrus i Skårdalsbekken (Øyrabekken). Dette var eit samarbeid med 5. klasse på Øystese barneskule. Det heile starta med ein videosnutt inne som var av gyting i elv. Det er eit 5 min langt opptak i elv, laga av Inge Sandven, Dale JFL. Grusen kom frå Jan Mo sitt soldeanlegg for jord og vart transportert til bekken i bøtter ved hjelp av elevane. Det var eit vellukka opplegg.

I desember 2021 vart det på vegne av ØJFL sendt ein førespurnad til Statsforvaltaren i Vestland om rognplanting av laks i Øysteseelva oppom Lakshølen i elva. Med utgangspunkt i ØJFL sine møteprotokollar frå starten av laget i 1945, vart det argumentert med det samarbeidet vi ser for laksen i Hardangerfjorden. Det har vore eit tett samarbeid for å halda oppe laksestamma. Skal ein døma etter tidlegare arbeid er det kanskje ei Hardangerlaksestamme. Der det var mykje yngel har det vorte delt med dei som hadde lite. Yngel vart sett ut i elva der det ikkje var naturleg gyting. Øysteseelva er ikkje prioritert lakseelv, men for å ta vare på det vi har treng me arealet oppom Lakshølen der laksen stansar.

Førespurnaden er sendt til Miljødepartementet til uttale og avgjerd.
Samarbeidet med Hardanger villfiskelag om sjøauren går bra og held fram i 2022.

For 2022 vil rydding langs elva halde fram.

for Elvautvalet
Leiv Sandven

Kvinneutvalet

Leiar: Tone Mo
Medlem: Kari Weltzien Vik og Margunn Torpe
Vara: Ingunn Kråkevik

Året har vore prega av Corona og tilhøyrande restriksjonar. Me har arrangert faste treningar kvar veke med hagleskyting frå medio mai og fram til skuleferien. Frå hausten av fylgde ein dei opne treningane. I vårhalvåret var det bra oppmøte på treningane med 5-6 personar på kvar trening.



For Kvinneutvalet
Tone Mo

Fiskestellsutvalet

Leiar: Bjørn Mo

Medlem: Torbjørn Toft og Frode Melstveit

Vara: Arvid Huun

Oppsummering av fangst, 2021:

Stad:	Oppstartdato:	Mål 2020:	Resultat/Snittvekt
Fitjadalen:	Tidlig i mai 2020	8000 stk	1502 stk / 58 gram i snitt (64,8 gram i 2020)
Fugladalen:	31. juni 2020	-----	96 stk / 82 gram i snitt (188 stk / 172 gram i 2020)
Løkjesdalen	6. august 2020		254 stk, 77 gram i snitt (541 stk / 89,8 gram i 2020)

Fitjadalen:

2021 blei eit år med mykje motgang. Fiske kom i gang då isen gjekk, men det var vanskeleg å få folk til å stille opp. Dette førte til eit därleg år på tall i forhold til tidlegare år. Isfisket blei avlyst grunna därleg vær den planlagde helga, og mildværet kom for tidleg. Andre arrangement blei avlyst grunna den pågående Covid-19-situasjonen.

Det vart i samband med bygging av nytt grindhus skore opp materiale på sagbruket på Soldal. Dette er no vinterlagra og klart til bruk.



for Fiskeutvalet
Bjørn Mo

Jaktskyttarutvalet

Leiar: Terje Langeland
Medlem, leiar rifle: Terje Ljones
Medlem, rifle: John A Enstad

Medlem, leiar hagle: Christoffer N. Sørheim
Medlem: Mikkel Helgesen
Vara: Alf O. Melstveit

Årsmelding for rifle:

Det var planlagt ordinær drift på riflebanen med omsyn til dei gjeldande koronarestriksjonane. Av terminfesta treningar var det planlagt 6 før ferien og 9 etter ferien. I tillegg var det sett opp eigne terminfesta treningskveldar for jaktfeltskyting og to treningskveldar for medlemer i Kvam Vilttelefon.

Av stemne var det planlagt eitt jaktfeltstemne (FM), to elgbanestemne og eitt nordisk jaktskytingsstemne (FM og LM). Grunna koronarestriksjonar vart dessverre alle stemner avlyst, me forsøkte å få til eit erstatningsstemne i laget, men det vart og avlyst. Me fekk arrangert ein treningskveld med jaktfeltskyting. For terminfesta treningskveldar jegerskyting utvida me med 2 treningskveldar før ferien grunna høgt oppmøte. Det var og godt oppmøte etter ferien.

Pga. korona var det i år ikkje pålegg om 30 treningskot over to kveldar, berre krav om oppskyting. Me opplever likevel at mange ynskjer å trenere før oppskyting, og dette set me pris på. Det er innført ny ordning med app-basert godkjenninng av skyteprøve, dette har fungert stort sett bra, men litt vegleiing av jegerar har det vore. Det har og vore nokre problem med å få registrert alle standplassleiarar i appen for godkjenninng av skyteprøve.



Laget har helde kurs for nye standplassleiarar 1. mai. 6 medlemer vart kusa av Helge Hoflandsdal frå Åsane JFF. Det er fleire på interesselista til standplassleiarkurs, og me håpar me kan få arrangert eit slikt også i 2022.

Me heldt eit teamsmøte i vår for alle standplassleiarar som ein brief før sesongen. Dette vart godt mottatt, og ein fekk gode innspel for drifta. Det kom og eit innspel under sesongen at me set opp 3 standplassleiarar kvar trening etter ferien, då ein opplevde at det var nokre kveldar at berre 1 av 2 møtte opp.

Av spesialarrangement kan me nemna at Heimevernet leigde banen 3 dagar i mai, me hadde saman med dei andre laga i VÅS vitjing av VG3 frå Kvam vidaregåande skule, samt skyting under jubileumsdagen vår. Her er det moglegheiter for større aktivitet og inntekter med utleige.

På riflebanen vart skivene satt opp 14 april, og tatt ned igjen 11 desember. Det er ein del slitasje på skivene, og elg/rein må skiftast evt. pussast opp. Ein dugnad før sesongen 2022 er planlagt.

På grunn av smittevernstiltak var oppmøtet noko mindre enn i eit normalår, men trass alt var det god aktivitet på banen. Når det gjaldt introduksjon til rifleskyting for ungdom, fekk ein fin gjeng ungdomar både introduksjon og prøveskyting med ulike kaliber, nokre av dei over fleire kveldar med oppskyting til storviltprøven som avslutning.

Tippemiddelsøknad er sendt i 2021 for å finansiere utviding av standplassbygget og etablering av faste jaktfelthold. Tilbygget skal innehalda sekretariat og lager. Det har vist seg at kombinasjonen av sekretariat og te-kjøken som me har i dag ikkje er godt fungerande. Difor vil me flytta sekretariatet og kombinera det med eit lager for skiver og anna materiell. Kvart av jaktfelthalda vil ha plass til 6 skiver og kvart hald vil ha godkjent kulefang. Det vil verta montert lys på halda slik av banen kan brukast i større delar av året enn i dag. Dette kan anten vera lys montert ute ved kvart hald, eller som ei samling av led-lyskastarar plassert på standplassbygget.

Årsmelding for haglebanene

Trass i Covid-19-hemningar, så har ein klart å få etablert ein god og aukande grunnstamme av skyttarar, i ulik alder og frå begge kjønn. Ut frå førespurnadar frå heile Kvam opplev ein også at interessa for banene aukar. Det er flott! Med tanke på dei tiltaka som måtte setjast i verk for å halde godt smittevern, bør me seie oss nøgde med oppmøtet. Terminlista for 2022 er etablert og publisert.

For Jaktskyttarutvalet
Terje Langeland



Sak 3 Rekneskap

Note om varelageret på banene:

	Trapbanen	Viltmålbanen	Samla
Lagerstatus 31.12.21	kr 66 598,00	kr 46 811,00	kr 113 409,00
Lagerstatus 31.12.20	kr 45 872,00	kr 28 257,20	kr 74 129,20
Endring	kr 20 726,00	kr 18 553,80	kr 39 279,80

Halvparten av leirduer som vart kjøpt inn i slutten av 2020 er ikkje talt med i varelageret, dei vert tekne inn i rekneskapen i 2022.



Saldobalanse 15.01.2022

	Saldo periodesstart	Debet	Budsjett	Endringar i perioden	Kredit	Budsjett	Saldo periodesinn	Budsjett	Avvik
Kapital									
1031 DNB, 7877 08 36726	91 312,72			316 838,75		377 409,48		30 761,99	
1035 SIV 3450,37,57623	475 821,56			163 697,43		119 113,50		520 405,49	
1100 Til gode	5 000,00			104 468,50		5 000,00		104 468,50	
1120 Forskottert utgiftar banar	71 400,00			0,00		35 700,00		35 700,00	
1200 Til gode spelemidlar	0,00			0,00		0,00		0,00	
Sum Kapital	643 534,28			585 024,68		537 222,98		691 335,98	
Gjeld/Eigenkapital									
2010 Stundig/ubetalte reknigar	0,00			0,00		0,00		0,00	
2012 Forskot	-35 299,00			35 299,00		36 742,00		-36 742,00	
2910 Eigenkapital	-608 255,28			0,00		46 358,70		-654 593,98	
Sum Gjeld/Eigenkapital	-643 534,28			35 299,00		83 100,70		-691 335,98	
Jakt og Vilstellutvalet									
3100 Drift JVU	0,00			259,80	<i>kr 2 000,00</i>	1 345,00	<i>kr 0,00</i>	-1 085,20	<i>kr 2 000,00</i>
3150 Jegerproven	0,00			25 405,50	<i>kr 15 000,00</i>	38 680,83	<i>kr 30 000,00</i>	-13 275,33	<i>kr 15 000,00</i>
Sum Jakt og Vilstellutvalet	0,00			25 665,30	<i>kr 17 000,00</i>	40 25,83	<i>kr 30 000,00</i>	-14 360,53	<i>kr 13 000,00</i>
Jaktskyttarutvalet									
3600 Drift ISU	0,00			72 564,98	<i>kr 70 000,00</i>	76 490,00	<i>kr 25 000,00</i>	-3 925,02	<i>kr 45 000,00</i>
3700 Steinne/Trening Hagle	0,00			99 339,50	<i>kr 80 000,00</i>	99 695,46	<i>kr 110 000,00</i>	-355,96	<i>kr 30 000,00</i>
3800 Steinne/Trening Rifle	0,00			49 736,00	<i>kr 70 000,00</i>	58 391,54	<i>kr 100 000,00</i>	-8 655,54	<i>kr 30 000,00</i>
3900 Oppgradering banar	0,00			0,00	<i>kr 100 000,00</i>	0,00	<i>kr 0,00</i>	0,00	<i>kr 100 000,00</i>
Sum Jaktskyttarutvalet	0,00			221 640,48	<i>kr 320 000,00</i>	234 577,00	<i>kr 235 000,00</i>	-12 936,52	<i>kr 85 000,00</i>
Elveutvalet									
4100 Drift EU	0,00			13 616,75	<i>kr 2 000,00</i>	10 252,00	<i>kr 0,00</i>	3 364,75	<i>kr 2 000,00</i>
4200 Fiskekort elva	0,00			251,00	<i>kr 900,00</i>	834,82	<i>kr 3 000,00</i>	-583,82	<i>kr 2 100,00</i>
Sum Elveutvalet	0,00			13 867,75	<i>kr 2 900,00</i>	11 086,82	<i>kr 3 000,00</i>	2 780,93	<i>kr 2 880,93</i>
Fiskestelltutvalet									
4600 Drift EU	0,00			0,00	<i>kr 2 000,00</i>	1 093,00	<i>kr 0,00</i>	-1 093,00	<i>kr 2 000,00</i>
4700 Fiskekort fjellet	0,00			4 892,50	<i>kr 4 800,00</i>	16 308,35	<i>kr 16 000,00</i>	-11 415,85	<i>kr 11 200,00</i>
4800 Kultivering Flididalen/fjellet	0,00			0,00	<i>kr 5 000,00</i>	0,00	<i>kr 0,00</i>	0,00	<i>kr 5 000,00</i>
Sum Fiskestelltutvalet	0,00			4 892,50	<i>kr 11 800,00</i>	17 401,35	<i>kr 16 000,00</i>	-12 508,85	<i>kr 4 200,00</i>
Kvinneutvalet									
5100 Drift KVU	0,00			110,82	<i>kr 8 000,00</i>	3 877,00	<i>kr 8 000,00</i>	-3 766,18	<i>kr 0,00</i>
Sum Kvinneutvalet	0,00			110,82	<i>kr 8 000,00</i>	3 877,00	<i>kr 8 000,00</i>	-3 766,18	<i>kr 0,00</i>



Saldobalanse 15.01.2022

Styrte	Saldo periodestart	Debet	Budsjett Endringer i perioden	Kredit	Budsjett	Saldo periodeslutt	Budsjett	Avvik
6100 Kontorhald/Kontingent	0,00	3 682,50	kr 10 000,00	27 935,00	kr 25 000,00	-24 252,50	kr -15 000,00	kr 9 252,50
6200 Stønader	0,00	0,00	kr 0,00	43 208,75	kr 30 000,00	-43 208,75	kr -30 000,00	kr 13 208,75
6300 Reiser/kurs	0,00	0,00	kr 6 000,00	0,00	kr 0,00	0,00	kr 6 000,00	kr -6 000,00
6400 Styret/Lagskvaldar/færsmøte	0,00	1 260,00	kr 7 000,00	0,00	kr 0,00	1 260,00	kr 7 000,00	kr -5 740,00
6500 Drift Velleheim	0,00	27 263,93	kr 30 000,00	18 362,00	kr 10 000,00	8 901,93	kr 20 000,00	kr -11 098,07
6700 Fritond/Ungdomsansæt	0,00	36 488,44	kr 25 000,00	36 038,76	kr 25 000,00	449,68	kr 0,00	kr -449,68
6800 Disponibelt for styret	0,00	6 594,84	kr 5 000,00	0,00	kr 0,00	6 594,84	kr 5 000,00	kr -1 594,84
6900 Drift Blekeld	0,00	5 713,00	kr 15 000,00	3 254,19	kr 2 000,00	2 458,81	kr 13 000,00	kr -10 541,19
6950 Lagskledte	0,00	25 834,44	0,00			25 834,44		
7000 Nybygg blekeld	0,00	116 798,00	kr 98 000,00	100 000,00	kr 92 000,00	-5 163,55	kr 6 000,00	kr -11 163,55
Sun Styret	0,00	223 635,15	kr 98 000,00	228 798,70	kr 92 000,00	16 798,00		
Andre								
8100 Rentar/Cebyr	0,00	172,00	kr 500,00	576,00	kr 500,00	-404,00	kr 0,00	kr -404,00
8200 Årsavslutning	0,00	46 358,70	kr 0,00	0,00	kr 73 700,00	46 358,70	kr -73 700,00	kr 120 058,70
Sum Andre	0,00	46 530,70	kr 500,00	576,00	kr 74 200,00	45 954,70	kr -73 700,00	kr 119 654,70
Totalsummar	0,00	1 156 666,38		1 156 666,38		0,00		

Vi har kontrollert bilag og funne
rekneskapen i orden.

Velleheim 17.01.2022

Hugmar Dahlkvam

Sigurd Langeland



Sak 4 Innkomne saker

Det er to saker til årsmøtet.

Sak nr 01, forslag om en vedtektsendring ift vedtektenes § 1, og gjeld namnet på laget.

Forslaget: Øystese Jeger og Fiskarlag har eit stort område for medlemmer, mykje større enn utstrekninga til bygda Øystese. No som skytebaneanlegget og ligg godt utanfor Øystese, så er det kanskje tid for å vurdere om laget har det rette namnet?

Eg trur at eit namnebytte kan gjøre det enklare å hauste nye medlemmer.

Kvam Jeger- og fiskarlag kunne vore eit meir aktuelt namn, men i Oppland har vi laget Kvam JFF, så dette er vel ikkje optimalt?

Kopi av forslaget:

Vurdering av namnebytte på laget


Øystese jeger- og fiskarlag har eit stort område for medlemer, mykje større enn utstrekninga til bygda Øystese. No som skytebaneanlegget og ligg godt utanfor Øystese så er det kanskje tid for å vurdere om laget har det rette namnet?

Eg trur at eit namnebytte kan gjøre det enklare å hauste nye medlemer.

Kvam jeger og fiskarlag kunne vore eit meir aktuelt namn, men i Oppland har vi laget Kvam JFF så dette er kanskje ikkje optimalt?

Tilbakemelding frå styret: Styret er einig i at det må vurderast ulike verkemiddel for å auke medlemsmassen og forstår hovudargumentasjonen i framlegg. Styret har like fullt vurdert følgjande argument:

- A) Jeger- og fiskarlaget er innarbeidd som eit kjent lag, ikkje berre i Kvam. Dette gjeld overfor sponsorar og andre.
- B) Kvam jeger- og fiskerlag (KJFF) har, som forslagsstillar også påpeiker, eit likelydande namn.
- C) Laget har dei seinare åra brukt midlar til promotering av laget med skilting og ØJFL-logo på klubb-kle.
- D) Laget driver jakt, fiske og friluftsliv som er ope for alle. Eit adressessøk blant laget sine 292 medlemmer pr januar 2022 tilseier at allereie i dag kjem dei fleste medlemmene frå andre stader enn Øystese.



Styret si innstilling: Innstillinga er difor å behalde namnet som det er.

Gjennom annonsering og oppdatering i ulike media vil styret legge opp til at laget skal fremjast meir aktivt som eit lag for heile heradet.

Ei slik endring i vedtekten krev 2/3 fleirtal på årsmøtet.

02 Sak frå NJFF om innføring av ny vedtektsnorm

Ei ny vedtektsnorm blei vedtatt på Norges Jeger- og Fiskerforbund sitt Landsmøte 14. november 2021. Innhaldet kan laga/foreiningane sjølve endre på der det er gitt høve til dette. ØJFL etterspurde norma på nynorsk, og den blei tilgjengeleg først 8. februar 2022. Fristen for handsaming av ny norm er satt til årsmøte i 2023 og ØJFL har difor ikkje starta med å oppdatere ØJFL sin lokale vedtektsnorm.

Ei endring er at betalt kontingenent gjeld for eitt år frå betalingsdato. Kontingeneten vert krevd inn av NJFF sentralt, som overfører vedtatt del til foreininga.

Landsmøtet vedtar kvar gong (kvart 3. år) ei øvre ramme (maksimumsbeløp) for kontingenprisen på den einskilde medlemskategorien. Det vil også seie maksimumsbeløpa for lav, middels og høg sats for hovudmedlemmer.

Meir om kontingen finn ein under sak 6 i denne årsmeldinga.

Sak 5 Arbeidsprogram 2022

Planen styret har for dei neste åra skal

- Danne grunnlag for ein diskusjon om kva oppgåver laget skal satsa på framover
- Vera grunnlag for utarbeiding av arbeidsplanar for utvala for kvart år i perioden
- Vera eit middel for å sjå om arbeidet i det føregåande året er i samsvar med målet vårt

Framlegg til vedtak:

Styret bed om at planen vert vedteken med dei endringane som vert gjorde på årsmøtet.



Avtale A: Organisasjon	Sist revidert: 09.02.2022	
Mål: Å knyta jegerar og fiskarar og andre interesserte saman til felles arbeid for å auke vilt- og fiskebestanden ved positive tiltak i arbeidsområdet til laget, å arbeida for human jakt og ferdslle i skog og fjell, å arbeida for betre dugleik i bruken av våpen og fiskereiskap.		
Tiltak:	Gjort 2021:	Førast vidare/tidsrom:
1. Arbeida i høve til fylkeslag og forbund. Delta på samlingar skipa til av dei same.	Ein har jobba og fått hjelpe frå fylkeslaget når ein har hatt behov for dette.	ja
2. Arbeida i høve til herad og fylkesmann		Viktig at ØJFL følger med og deltar
3. Skulera tillitsvalde	Ingen aktivitet i 2021	ja
4. Satsa på ungdomsarbeid gjennom eigne aktivitetar/kveldar	Ungdomsskyting Opplæringsjakt Fiskesommar	ja
5. Tilby interessante jakt-, fiske- og friluftsaktivitetar tilrettelagt for damer	Skytekveldar for kvinner, både rifle og hagle	ja



Aksnitt B: Jakt og viltstell	Sist revidert: 09.02.2022	
Mål: Arbeida for å skaffa jaktrettar for medlemene, planleggja og gjennomføra viltstelltiltak. Arbeida for bruk av jakthundar. Arrangera jegerprøven.		
Tiltak:	Gjort 2021:	Førast vidare/tidsrom:
1. Tilby hjortejakt	Opplæringsjakt for ungdom Øystese aust grl.	Ja, årleg
2. Arrangera jegerprøven	Ja	Ja, årleg
3. Tilby rypejakt og skogsfugljakt spesielt til ungdomar	Nei	Ja, sjå etter nytt terregng. Prøve å få ungdom med på aktivitet i regi av NJFF.
4. Tilrettelegging av jaktområde	Nei	Ja, etter behov

Aksnitt C: Fiske	Sist revidert: 09.02.2022	
Mål: Gjenomføra ynskjelege tiltak vedkomande elve- og ferskvassfisket, arbeida for å skaffa fiskerettar for medlemene.		
Tiltak:	Gjort 2021:	Førast vidare/tidsrom:
1. Føra vidare arbeidet på Blekeld i Fitjadalen	Ja, og har også utført kultivering i Fugladalsvatnet og i Løkjedalen.	Ja, årleg
2. Setja rogn ut i klekkekassar i elva.	Nei, problem med vasstilførsel.	Ja, årleg
3. Organisera og ha ansvaret for fiskekortordningane	Fjellet: Har avtalar med Kyrkjevikha hyttelag og Bergen og Hordaland turlag for gjester på Vending og Breidablikk turisthytter. Elles sal på MX-sport, Fitjadalen og Lie. Selt fiskekort for laks i Øysteseelva Organisert via Vipps.	ja
4. Rydda langs elva og leggja til rette nye fiskeplassar	Har rydda og fjerna farleg avfall langs elva, har ikkje fått lagt til rette for nye fiskeplassar.	Ja.
5. Arrangera fisketurar for juniorar	Nei	Ja, elvefiske for ungdommar
6. Drive stamfiske og fiske etter oppdrettsfisk i Øysteseelva	Ja, det er utført ein omgang med stamfiske	Fortsetja å søkja om løyve frå Fylkesmannen og ungdomssatsing
7. Utbetring av området rundt parkeringsplass og grøft ved Blekeld.	Området er halde funksjonelt, ingen større arbeider utført.	Ja
8. Planlegging av utbygging på Blekeld.	Utført teikning, budsjettering, planlegging, og starta søkjeprosessar etter midlar	Ja



Avtale: Jaktskyting	Sist revidert: 09.02.2022
---------------------	---------------------------

Mål: Gje medlemene tilbod om instruksjon og opplæring i bruk av jaktvåpen, trening og konkurransar i jaktskyting.

Tiltak:	Gjort 2021:	Førast vidare/tidsrom:
1. Driva treningskveldar	Ja	Ja
2. Arrangera storviltprøven	Ja	Ja, Mai til September
3. Skipa til konkurransar for medlemene	Ja	Ja, både internt og eksternt
4. Eigne kveldar for juniorar og kvinner	Ja	Ja, fokus på å få med instruktørar/kursing
5. Vidareutvikle anlegga	Nei	Ja, starte på jaktfeltbane for rifle
6. Ny bane i Vangdalsåsen	Bygga ferdig trapbane/sporting	Nei
7. Halde hagleskytingskurs og eigne nybegynnarkveldar m/ instruktør	Kveldar for ungdom	Ja.
8. Halde standplassleiarkurs hagle og riflebane	Nei	Ja

Avtale: Opplæring-Kurs	Sist revidert: 09.02.2022	
Mål: Driva jakt- og fiskerelaterte kurs for å auka dugleiken til medlemene og å møta krav frå grunneigarar og styresmakter.		
Tiltak:	Gjort 2021:	Førast vidare/tidsrom:
Gjennomføra eller delta på kurs arrangert av laget eller av fylkeslaget	Nei	Ja
Jegerprøven, praktisk/obligatorisk kurs	Jegerprøvekurs halde, opplæring i skyting med haglegevær og rifle	Ja
Opplæring i skyting rifle/hagle og lading	Kveld for ungdom med instruktør i Vangdalsåsen	Ja
Fiskekurs	Fiskesommar	Ja
Vilt- og fiskestellkurs	Ikkje avhalde	Ja
Jegeropplæring etter jegerprøven. Fadderordning.	Tilrettelagt for 3 stk opplæringsjakt for ungdommar	Ja
II. Etter trong skipa til andre kurs	Opplæringsjakt på hjort for ungdommar	Ja etter behov



<i>Avsnitt F: Intern kontakt</i>	Sist revidert: 09.02.2022	
Mål: Syta for at medlemene vert dregne med i aktivitetar som går føre seg i laget.		
Tiltak:	Gjort 2021:	Førast vidare/tidsrom:
1. Presentera det som skjer i laget eigen nettside og facebookside	Nettsida er oppdatert og det har blitt lagt ut informasjon om allearrangement i laget. Facebook har også vore flittig brukt	Ja
2. Senda ut SMS i samband med aktivitetar og kurs	Ja, gått over til Telemeny for å forenkla utsending.	Ja
3. Alle kurs skal lysast ut i lokalavisa	Ja	Førast vidare, må vurdera kostnaden ved lysingane
4. Lagskveldar med eller utan program	Ja	Ja
5. Fleire helgarrangement	Ja, open dag gjennomført i Vangdalsåsen	Ja, 2-4 helgar

<i>Avsnitt G: Ekstern kontakt</i>	Sist revidert: 09.02.2022	
Mål: Å skapa interesse og støtte for laget sitt føremål og arbeid.		
Tiltak:	Gjort 2021:	Førast vidare/tidsrom:
1. Svara på dei høyringane som kjem til laget.	Ja	Ja
2. Senda resultatlister etc til lokalavis(ar)	Resultat frå rifleskyting kom i avis	Ja
3. Markera laget ved deltaking i andre arrangement.	Ja, deltatt på arrangement med Aktiv ungdom i regi av Kvam Herad	Ja, ved høve

<i>Avsnitt H: Vetleheim</i>	Sist revidert: 09.02.2022	
Mål: Gjera Vetleheim til samlingspunkt for laget med faste aktivitetar. Halda huset ved like.		
Tiltak:	Gjort 2021:	Førast vidare/tidsrom:
1. Lagskveldar med eller utan program	Nei	Ikkje konkrete planar
2. Vedlikehald	Kosting/rydding/fjerne busker	ja
Rydde hovud- og kjellaretasje		

<i>Avsnitt I: Kvinner</i>	Sist revidert: 09.02.2022	
Mål: Tilby interessante jakt-, fiske- og friluftsaktivitetar, tilrettelagt for kvinner.		
Tiltak:	Gjort 2021	Førast vidare/tidsrom:



1. Faste skytekveldar for damer	Ja	Ja
2. Opplæringsjakt for jenter – hjort	Tilbod frå Fylkeslaget	Ja
3. Utdanna lokale, kvinnelege hagleinstruktørar	Ikkje gjort	Samarbeid med Hordaland JFF
4. Utdanna lokale, kvinnelege rifleinstruktørar	Ikkje gjort	Samarbeid med Hordaland JFF
5. Informasjon om andre jenteaktivitetar i Hordaland	Kommunisert ut til medlemene via Facebook	Ja

Sak 6 Kontingent

Styret er innstilt på å halde same kontingent som i 2021. Framlegg til vedtak:

Kontingentsatsane for 2022 vert som fylgjer:


Senior m/tids	Junior m/tids	Junior u/tids	Sidemedlem	Familiemedlem	Pensjonist m/tids
Kr 135	Kr 50	Kr 50	Kr 200	Kr 220	Kr 50



Sak 7 Prioriterte tippemiddelsøknadar og behov.

Sak 7a Vidareutvikling av viltmålbanen i Vangdalsåsen.

Som omtalt i årsmeldinga til Jaktskyttarutvalet og vist i Figur 1, er søknaden om tippemidlar til vidareutvikling av viltmålbanen i Vangdalsåsen også sendt inn for 2022.



Figur 1 Frå tippemiddelsøknaden: Plassering av faste jaktfelthold og utviding av standplassbygget

Det er søkt om:

- påbygg med lager og sekretariat som møter krava om universell utforming
- sluse mellom standplass og oppholdsrom
- Permanente 25-120m jaktfelthald med kulefang, lys (og elektronikk om mogleg).

Styret går inn for at toalett-delen av tilbygget og felthaldet på 120m vert tekne ut or søknaden. Grunngivinga for toalettet er at kostnaden er for høg. 120m-haldet vert teke ut i påvente av kva planar skyttarlaget endar opp med for felthald med elektronikk.

Sak 7b Utbygging på Blekeld

Det er også vidareført tippemiddelsøknad og søknad til andre om bygging av eit nytt grindbygg, eit lager og tillaging av ny tilkomstkai til sjø på nordsida av eksisterande brygge (figur 2). Hensikten er å auke kapasiteten for brukarar av Blekeld, og å lette arbeidet med laget sitt kultiveringsfiske. Det er spesielt lagt vekt på at løysinga har universell utforming, noko som vil gjere det mogleg at også personar med nedsett funksjonsevne kan komme seg ut på vatnet.




Grindbygg 6,0m x 4,5m, med betonggolv, torvtak, peis, 4 benker og 2 bord.

Lager, 4,22m x 3,04m grunnflate, bod på ca. 3m x 3,04, med betonggolv, torvtak og takhøgd for å kunne henge opp 2m høye garn, og hyller.

Kairampe, 6,0m x 7,0m, masser vert grave ut og det leggjast ned betongheller jamt med bakkenivå eit stykke ut i vatnet.

Til kairampen og for tilkomst til vatnet er det innkjøpt ein brukte Pioneer Multi 3 båt frå Yamaha Norheimsund. Kostnadene for båten vart dekka heilt av Hardangerstiftninga.



Figur 2 Plassering av grindbygg, lager og landgangskai

Ved å få ein godkjend spelemiddelsøknad kan laget få dekka 1/3 av samla kostnad. Resten av kostnaden må dekkjast ved dugnadsinnsats, evt. tilskot og eigenkapital.

Samla netto utlegg vil vera om lag like stor som eigenkapitalen laget har. Det vert søkt om stønad frå ulike stiftingar som kan betra økonomien i prosjekta. Styret har gjort følgjande prioritering av anlegg/deler av anlegg. Samla utlegg vert 1 046 600, spelemedialar og mva-refusjon utgjer 750 300 og dermed vert bruk av eigenkapital kr 296 300

Pri	År	Aktivitet	Utteggs	Spelemedialar	mva.ref	Netto
1	2022	Blekeld - kai	169000	87000	33800	48200
2	2022	Viltmål - felthalda	120000	49000	24000	47000
3	2022	Blekeld - båt	141000	0	14100	126900
4	2022-2023	Viltmål - utviding av standplassbygg	465600	253000	93120	119480
5	2022-2023	Blekeld - lager	98000	64000	19600	14400
6	2022-2023	Blekeld - grindabygg	194000	88000	38800	67200
7	?	Viltmål - elektronikk langhald	113500	38000	22700	52800
8	?	Viltmål - vatn	309500	108000	61900	139600
			1046600	541000	209320	296280

Me ber årsmøtet gjera følgjande vedtak.

Årsmøtet støttar styret si prioritering av anlegg. Styret får for 2022 fullmakt til å bruka inntil kr 360 000 av eigenkapitalen til investeringar inkludert forskotering av spelemedialar. Skulle laget få tilskot til anlegga vil tilskotsummen koma i tillegg til eigenkapitalen styret disponerer.



Sak 8 Budsjett

		Utgifter	Inntekter
Jakt og Viltstellutvalet			
3100	Drift JVU	kr 2 000,00	kr 0,00
3150	Jegerprøven	kr 15 000,00	kr 30 000,00
Jaktskyttarutvalet			
3600	Drift JSU	kr 90 000,00	kr 60 000,00
3700	Stemne/Trening Hagle	kr 80 000,00	kr 110 000,00
3800	Stemne/Trening Rifle	kr 70 000,00	kr 100 000,00
Elveutvalet			
4100	Drift EU	kr 5 000,00	kr 0,00
4200	Fiskekort elva	kr 900,00	kr 3 000,00
Fiskestellutvalet			
4600	Drift FU	kr 2 000,00	kr 0,00
4700	Fiskekort fjellet	kr 4 800,00	kr 16 000,00
4800	Kultivering	kr 10 000,00	kr 0,00
Kvinneutvalet			
5100	Drift KVV	kr 8 000,00	kr 8 000,00
Styret			
6100	Kontorhald/Kontingent	kr 5 000,00	kr 28 000,00
6200	Stønader	kr 0,00	kr 35 000,00
6300	Reiser/kurs	kr 6 000,00	kr 0,00
6400	Styret/Lagskveldar/årsmøte	kr 5 000,00	kr 0,00
6500	Drift Vettleheim	kr 30 000,00	kr 10 000,00
6700	Frifond/Ungdomsarbeid	kr 36 000,00	kr 36 000,00
6800	Disponibelt for styret	kr 5 000,00	kr 0,00
6900	Drift Blekeld	kr 8 000,00	kr 2 000,00
Prosjekt			
7000	Blekeld	kr 150 000,00	kr 50 000,00
7100	Vangdalsåsen	kr 210 000,00	kr 70 000,00
Andre			
8100	Renter/Bankkostnader	kr 500,00	kr 500,00
8200	Årsavslutning/Underskot		kr 184 700,00
		kr 743 200,00	kr 743 200,00



Sak 9 Val

Valnemda legg fram innstillinga si på årsmøtet.